



- Barneombodet støttar at det vert sett ein frist på ei veke for gjennomføring av avhøyr i alvorlege saker, men vi meiner det er urealistisk dersom ein ikkje gjer drastiske endringar i haldningar og ressursar hos politiet.

## **Nærmare kommentarar til forslaga i rapporten**

Barneombodet støttar at saker om seksuelle overgrep og familievald blir likestilte i ein ny avhøyrsmoell. Her følgjer kommentarar til nokre av dei andre forslaga.

### **1. *Ansvar for avhøyr av barn og psykisk utviklingshemma blir lagt til politiet, jf. punkt 5.2.2***

Barneombodet støttar Arbeidsgruppa (heretter AG) sitt forslag om at ansvaret for avhøyra i all hovudsak blir lagde til politiet utan involvering av domstolane. Vi er einige med AG i at det er kvaliteten på avhøyret som er avgjerande for bevisvurderinga, og ikkje kven som har ansvaret.

#### **2. *Krav til kompetanse***

##### **a. Krav til den som skal leie avhøyret, jf. punkt 5.2.4.5**

AG foreslår at avhøyra skal leiest av ein politijurist, og at Politihøgskolen skal få i oppdrag å utarbeide eigne kurs for påtalejuristar som skal leie slike avhøyr. Dette høyrerest fornuftig ut. Gruppa konkluderer likevel med at det ikkje bør stillast som eit formelt krav at avhøyrsliearen har gjennomgått eit slikt kurs. Barneombodet vil understreke at det har stor verdi at den som skal leie avhøyra har tilstrekkeleg kompetanse. Manglande kunnskap vil kunne gjere at avhøyra vert avbrotne på feil tidspunkt, eller at det vert tillete spørsmål som ikkje burde vore stilt, noko som vil kunne få store konsekvensar for både etterforskinga, verdien avhøyret har som bevis og barnet si oppleving av avhøyret. Krav til utdanning bør vere den klare hovudregelen, og så kan det bli gitt ein snever unnataksregel for dei tilfella der det er praktisk umogeleg å gjennomføre. Dette bør kome klart fram av ny forskrift § 5.

##### **b. Krav til den som gjennomfører avhøyra, jf. punkt 7.3 - 7.4**

AG seier i rapporten at dei meiner avhøyra alltid bør gjerast av utdanna avhøyrarar, men at formelle kompetansekrav bør knytast til avhøyr av vitne og fornærma i saker som gir rett til bistandsadvokat. Vi registrerer samtidig at forslag til ny forskrift § 5 seier at avhøyret skal gjennomførast av ein person med godkjenning, men at politimeisteren med godkjenning frå fyrstestatsadvokaten kan vedta unnatak frå kompetansekravet. Men her legg ein ingen føringar for kva unnatak som kan gjerast. Etter det vi kan sjå er det ikkje samsvar mellom forslaget frå AG på side 69 og forslaget i forskrifta. Barneombodet støttar at det bør stillast formelle krav til kompetansen til avhøyraren. Dette bør vere den klare hovudregelen i alle saker, og eit absolutt krav i alle saker om integritetskrenkingar.

### **3. *Kva barn fell inn under forskrifta og kven kan bruke barnehusa?***

#### **a. Aldersgrense for å bli omfatta av forskrifta, det vil seie at ein blir avhøyrt utanfor rettsmøte etter ein tilpassa moell, jf. punkt 5.3**

AG foreslår å senke aldersgrensa for kven som skal omfattast av forskrifta frå 16 til 15 år, men slik at det er alder på tidspunktet for det første avhøyret, og ikkje tidspunktet for hovudforhandling som avgjer om ein må møte i retten eller ikkje. Barneombodet støttar at det

er alderstidspunktet for det fyrste avhøyrer som er avgjerande. Vi er likevel skeptiske til at aldersgrensa blir senka. Også 15-, 16- og 17-åringar utsette for krenkingar kan vere svært sårbare. Prinsipalt ønskjer derfor Barneombudet at aldersgrensa blir hevd til 18 år. Subsidiært vil vi behalde dagens aldersgrense.

AG grunngir å senke aldersgrensa til 15 år med at det er positivt å samordne så mange aldersgrenser som mogeleg. Barneombudet ser poenget med å samordne aldersgrenser, men meiner andre omsyn må vege tyngre her. Vi saknar ei nærmare grunngeving frå AG på kvifor 15 år er riktig aldersgrense ut frå eit utviklingsperspektiv.

Vi minner om at barnekonvensjonen sine reglar om vern og tilrettelegging gjeld alle barn under 18 år. Det er ikkje berre sjølv avhøyrer som vil vere meir tilrettelagt for barn i ein avhøyrermodell utanfor retten. Oppfølginga før og etter avhøyrer er langt betre enn den ein får dersom ein møter som vitne i retten. Dette er ikkje minst viktig der det er snakk om krenkingar frå nære familiemedlemer eller der ein kan gå ut frå at familien ikkje sjølv har ressursar til å hjelpe barnet å få hjelp. Barnekonvensjonen artikkel 3 om barnet sin beste skal vere førande ved val av avhøyrermodell. Det betyr etter vår vurdering at alle under 18 år bør få tilbod om avhøyrer etter forskrifta som er foreslått. Ei systematisk forskjellsbehandling der eldre barn får eit dårlegare tilbod kan innebere aldersdiskriminering i strid med barnekonvensjonen artikkel 2. Ei forskjellsbehandling kan berre akseptert dersom den er sakleg og rimeleg. Barneombudet meiner det er tungtvegande omsyn som taler for at barn i aldersgruppa 15-18 år bør få høve til å bli avhøyrer etter ein tilpassa modell utanfor retten.

Nokre ungdommar vil kunne ønskje å vitne i retten, eventuelt via videokonferanse. Moglegheita til å bli avhøyrer på førehand bør ikkje vere til hinder for at barnet sjølv vel å vitne under rettssaka.

Dersom regjeringa går for å senke aldersgrensa, eventuelt oppretthalde dagens aldersgrense, bør det setjast i verk særlege tiltak som sikrar ei betre oppfølging av 16- og 17-åringar som vitnar i retten.

Barneombudet støttar elles at det kan brukast videokonferanse frå barnehusa under rettssaka for barn over 15 år og andre med særlege behov. Det vil kunne avhjelpe noko på belastninga det er å vitne i retten. Det er også positivt at AG legg opp til å opne for avspeling av tidlegare avhøyrer, før vitnet forklarar seg.

b. Om barn sin rett til å kome på barnehus, jf. punkt 6.2.2

AG kjem med forslag til kven som skal bruke barnehusa både i forhold til alder og personkrins.

Barneombudet er glad for at AG foreslår å gjere bruken av barnehusa obligatorisk for barn i enkelte sakstypar, men vi meiner at aldersgrensa bør vere 18 år, ikkje 15 år, jf. argumenta over om at forskrifta bør gjelde opp til 18 år.

AG foreslår at spørsmålet om det er obligatorisk å bruke barnehusa skal knytast til om barnet har rett til bistandsadvokat. Barneombudet er usikker på om det er ei heldig avgrensing. Det er fleire straffeføresegner som ikkje gir rett til bistandsadvokat i dag, men som likevel vil kunne innebere alvorlege integritetskrenkingar, eksempelvis § 201a, den såkalla «groomingparagrafen». Vi ber departementet vurdere om avgrensinga bør skje på ein annan måte.

AG foreslår at barnehusa både kan og bør brukast i andre saker, men vel å ikkje gi forslag til detaljerte retningslinjer. Gruppa kjem i den samanhengen på side 59 med ei noko pussig vurdering av kven barnehusa bør vere for, basert på ein argumentasjon om at barn frå 14-15 års alder blir utsett for andre typar overgrep enn mindre barn. At det oftare er personar utanfor familien som er overgripar, og at typen overgrep endrar karakter. Vidare står det at overgrepa i større grad skjer i helgar og om natta, noko som krev ein annan type beredskap enn barnehusa har i dag, og at desse saktypane ofte gir andre behov for og vern og behandling enn overgrep og vald i nære relasjonar. Barneombodet finn dette veldig konstruert. Overgrep og vald i familien skjer også heile døgnet, og det at barnehusa i dag ikkje har eit akutttilbod er ikkje eit argument for at ikkje barnehusa skal kunne brukast til avhøyr av eldre barn. Vidare vil behovet for ivaretaking og oppfølging kunne vere like stort sjølv om overgrepet skjer utanfor familien.

AG påpeikar sjølv at frå eit sosialmedisinsk synspunkt kan ei avhøyringsordning med låg terskel for bruk av barnehus gi stor effekt over tid, og det er liten tvil om at for eksempel ungdomsgruppa over 16 år som blir utsette for vald og overgrep utanfor familien, også kan ha behov for spesialkompetansen i barnehusa og tilpassa lokale. AG overlét dei nærmare vurderingar av kven som skal til barnehusa til departementet. Barneombodet støttar AG i vurderinga av at bruk av barnehusa kan ha stor effekt også i andre saker enn den opphavlege kjerneverksemda, og vil oppmode departementet om å leggje opp til ein vid bruk av barnehusa i desse sakene.

#### **4. Retten til å få valt bistandsadvokat, punkt 5.2.1**

AG foreslår at retten til å få oppnemnd bistandsadvokat blir utvida til også å omfatte brot på straffelova §§ 227 - 229 i visse situasjonar. Barneombodet støttar dette forslaget. Det er særleg viktig dersom bruken av barnehus blir knytt opp til retten til bistandsadvokat. Det bør derfor også vurderast om andre straffeføresegner bør inkluderast, slik som straffelova § 201a.

Det er uansett uklart for oss kva AG sitt forslag inneber. Gruppa viser til at handlinga anten har skjedd i bustaden, eller av ein «personkrins som blir omhandla i rapporten.» I lovteksten som er foreslått i straffeprosesslova § 107a står det derimot at det inkluderer handlingar som har «skjedd i bustaden» eller som er antatt gjort av «nokon vedkomande har eit særleg tillitsforhold til.» Vi saknar ei nærmare drøfting av kva som blir lagt i desse omgrepa. Tenkjer ein f.eks. ein lærer, ein nabo, ein trenar? Omfattar bustad også samværsforeldre? Vi ber departementet klargjere bruken av desse omgrepa.

#### **5. Forklaringsplikt, jf. punkt 8.4.4 og 8.4.9**

Barn under 12 år har i dag vitneplikt sjølv om barnet har nært slektskap med den sikta. Slik er det ikkje for større barn og vaksne. Fleirtalet i AG foreslår å heve denne aldersgrensa til 15 år i saker som gir rett til bistandsadvokat etter § 107 a. Vidare foreslår dei at dette også skal gjelde for straffeprosesslova § 123, om moglegheita til å bli friteke for å svare på spørsmål.

Barneombodet støttar at ein samordnar straffeprosesslova §§ 122 og 123. Barneombodet er i tvil når det gjeld å heve aldersgrensa for forklaringsplikt. AG rører i liten grad ved dei omsyna som er bakgrunnen for kvifor vaksne har fritak frå vitneplikta når det gjeld nærstående. Dei same omsyn vil som utgangspunkt også gjere seg gjeldande for barn. Det skal tunge argument for å behandle barn og vaksne forskjellig på dette området, og jo eldre

barnet er dess større innverknad skal barnet ha. Barnet sin rett til å få seie meininga si, jf. barnekonvensjonen artikkel 12, skal normalt ikkje avgrensast av barnet sin rett til vern då det er ein sjølvstendig rett etter konvensjonen.

Eit viktig moment for å heve aldersgrensa til 15 år er at det ikkje vil vere aktuelt å presse barnet til å uttale seg, og det følgjer ingen straffesanksjonar dersom barnet ikkje seier noko. I praksis vil dermed fritak frå forklaringsplikta i realiteten berre innebere at barnet får vite at det ikkje treng å forklare seg. Her skil barnet sin situasjon seg frå vaksne.

At barnet blir informert om moglegheita til å ikkje seie noko vil kunne setje barnet i ein vanskeleg situasjon. Barnet kan kjenne seg ansvarleg for at eit familiemedlem eventuelt blir straffa, og kan også bli pressa til å ikkje si noko. Konsekvensen kan vere at barnet heller lever vidare med alvorleg vald og overgrep. Det vil kunne vere lettare for barnet at ein annan fastset at han/ho må forklare seg. Dette er omsyn som også gjer seg gjeldande for vaksne. Barnekonvensjonen gir likevel staten eit særleg ansvar for å verne barn, og Barneombudet heller derfor mot at omsynet til å verne barnet forsvarar å heve aldersgrensa for fritak for forklaringsplikta til 15 år i saker der barnet har rett til bistandsadvokat.

### **3. *Kven skal få høve til å følgje avhøyret, jf. punkt 5.5.2***

AG foreslår at det vert forskriftsfesta at barnevernet skal kunne følgje avhøyret med mindre den avhøyrede ikkje vil forklare seg, eller omfanget av forklaringa vil bli avgrensa. Barneombudet er einig med AG i at ein del barn kan ha eit vanskeleg forhold til barnevernet. Barneombudet vil understreke at det er viktig at barnet får den informasjonen som er nødvendig for at barnet skal ha tillit til den prosessen som skjer. Det er viktig at barnet ikkje blir ført bak lyset. Informasjonen må vere alders- og sakstilpassa det enkelte barnet. Dei profesjonelle aktørane må forvalte dette ansvaret med profesjonalitet. Her har tilsett ved barnehuset ei særleg rolle i å følgje opp barnet på ein god måte.

### **4. *Frist for avhøyr, jf. punkt 5.5.3***

I dag er det store brot på fristen for å gjere avhøyr ved alle barnehus. Dette er svært alvorleg. Barneombudet støttar at det blir vidareført ein slik frist for avhøyr, men vi stiller oss spørjande til korleis ein har tenkt seg å overhalde ein frist på ei veke i alvorlege saker dersom dei økonomiske rammene ikkje blir auka vesentleg. Rapporten slår fast at tidsbruken primært skuldast ressursmangel eller manglande prioriteringar i politiet. Det er med andre ord heilt essensielt at ein får ei haldningsendring i politiet som gjer at desse sakene blir prioriterte umiddelbart, og at det blir gitt meir ressursar til politiet som gjer det mogleg i praksis.

AG foreslår at fristen på ei veke kan forlengjast av omsyn til etterforskinga. Det er lett å misbruke denne moglegheita til forlenging. Det bør derfor synleggjerast i forskrifta at dette er ein snever unnataksregel.

Barneombudet er også uroleg for at firevekersregelen i andre saker vil vere for lang, og at det i praksis vil bli ei «sovepute» som gjer at sakene vil ta enda lengre tid.

### **5. *Avhøyr av små barn, jf. punkt 5.4.1 og 5.4.2***

Barneombudet støttar AG i at reglane om observasjon ikkje blir vidareført i ny forskrift. Men vi vil understreke at det er viktig at det blir jobba med å styrkje kompetansen på å avhøyre små barn, og at desse bør gjennomførast av personar med særskild opplæring i slike avhøyr.

Det er interessant å lese om forsøksordninga med sekvensielle avhøyr av barn som har vore gjennomførde, sjølv om det dessverre ser ut til at det ikkje har vore sett av tilstrekkelege ressursar til forsøket. Barneombodet støttar AG i at det må løyvast ressursar og komme på plass rammer som i størst mogeleg grad mogeleggjjer erfaringslæring, metodeutvikling og kompetanseheving på dette området.

#### **6. Dekning av kostnader, jf. punkt 6.3**

Barneombodet støttar AG i at det er viktig at det finst ei løysing for utgiftsdekning som sikrar barn og psykisk utviklingshemma lik tilgang til barnehusa, uavhengig av kor dei bur i landet. Det er avgjerande at dette ikkje er avhengig av økonomien i politidistrikta.

Venleg helsing

Anne Lindboe  
barneombod

Frøydis Heyerdahl  
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.